

Vedlegg: Ny Lov om vagebyrer..doc

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Egil Astad [mailto:egilastad@c2i.net]

Sendt: 2. juni 2009 14:08

Til: Postmottak MD

Emne: Høring av forslag til lovfesting av kommunalt eierskap til vann- og avløpsanlegg

Jf

Høring av forslag til lovfesting av kommunalt eierskap til vann- og avløpsanlegg

Ref. 200901039

Jf vedlegg

Mitt framlegg er mest ei språkleg forenkling for betre forståing av innhaldet i loven.

Det er 2 punkt som avvik:

1. Forbruksgebyr i staden for årsgebyr
2. Krav kan ikkje drivast inn som skattekrav. Det er grunnleggande feil for betaling av ei kommual teneste.

mvh

Egil Astad

Ser denne eposten ut til å vera sendt deg med ein feil så slett han og gløym det du eventuelt har lest.

Lov om vass- og avløpsgebyr.

§1 Definasjonar.

Vass- og avløpsanlegg omfattar alt anlegg for transport og rensing av vatn og avløp, så som røyr, pumpestasjonar, basseng og anna naturleg tilhøyrande utstyr. Det heile utgjer eit vass- og avløpsnett.

§2 Eigar av vass og avløpsanlegg

Vass og avløpsanlegg skal vanlegvis vera fullt ut kommunalt eigd. Eksisterande anlegg kan berre overdras til kommunar. Lova gjeld ikkje for anlegg for næringsverksemd og mindre anlegg som ikkje er knytt til eit kommunalt nett.

§3 Oppretting, samanslåing og vesentleg utviding av private anlegg.

Kommunen kan etter søknad gje private løyve når:

- Krava i PLB §§65,66,92 første ledd ikkje gjeld på grunn av for stor avstand
- Kostnadane ved å knytta seg til eit kommunalt anlegg vil vera uhøveleg store
- Andre særlege omsyn talar for det.

Kommunen kan i særers spesielle høve setta andre vilkår for å gje løyve.

Nye anlegg skal organiserast som andelslag blant brukarane og tilsvarande organisering kan krevjast ved vesentleg utviding av eksisterande anlegg.

§4 Kommunale vass og avløpsgebyr.

Når ein fast eigedom er krevd eller knytt til eit kommunalt vass- og avløpsnett på eit eller anna vis skal eigaren svara vass- og avløpsgebyr til kommunen. Er det ikkje bygd på eigedomen, grunna i lov eller vedtak av offentleg styresmakt, skal det ikkje svarast gebyr. Heller ikkje om bygging er hindra av annan grunn som eigaren ikkje har ansvar for.

Kommunen kan ta bort alt eller delar av gebyret når det ikkje er hus på eigedomen.

Festar som har rett på leige i 30 år eller meir skal svara for den kommunale avgifta om ikkje anna er avtalt mellom partane.

§5 Hovudreglar for fastsetting av gebyret.

Det skal vera tilknytningsgebyr og forbruksgebyr.

Gebyra skal samla ikkje overstiga samle utgifter.

Kongen fastsett i forskrift hovudreglar for utrekning og innkreving.

§6 kommunale forskrifter.

Kommunen fastsett i forskrift storleiken av gebyra og reglar for å utøva og å krevja inn gebyra.

§7 Lovpant og tvangsgrunnlag for utlegg.

Forfalte krav på årsgebyr er sikra med lovpant i eigedommen etter panteloven § 6-1.

§7 Ikraftsetjing.

Lova gjeld frå den tid kongen fastsett.